

Kvinesdal kommune
Liknes, v/viltneemndansvarlig
4480 KVINESDAL

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2025-40-125/P95

Dato: 19.12.2025

Obduksjonsrapport

Motteken 13.10.2025: Elgkalv, kvige, 48 kg, fryst

Obduksjonsfunn:

Elgkalven var 124 cm lang og 86 cm i omkrins like bak bogen, og var ikkje fullstendig opptint ved obduksjon. Det fanst moderat med flått og enkelte hjortelusfloger i pelsen og på huda. Ved flåing bar huda preg av frysing og opptining, slik at forandringar var vanskelege å tolka. Det fanst noko underhudsødem med blodtilblanding, og litt blodig væske i bukhola. Det fanst ein komplett brotskade i høgge metatarsalområde (koden). Lymfeknutane i lyskeområdet på høgge side var forstørre og blodige. Milten framstod lett forstørre.

Innhaldet i vomma var friskt og grønt med ein del kvistar og bladmateriale, slimhinna var frisk i fargen og godt bevart.

Innhaldet i løypen var friskt grønfarga, godt oppmale med enkelte større bitar (blad, barnåler).

Slimhinna i løypen var frisk i fargen og godt bevart. Blindtarmsinnhaldet var finmale, ganske kompakt, brungrønt. STarmen og rektum hadde normale slimhinner og normalt innhald med synkende fuktgrad mot endetarmen.

Histologisk undersøking av beinmarg viste sparsame feittreservar og begynnande feittvevsatrofi. Det fanst også begynnande feittvevsatrofi rundt hjartebasis. Histologisk undersøking av øvrige organ var vanskeleggjort av fryseskadar.

Bakteriologisk dyrking frå *Medulla oblongata* (hjerne), hjarte, lunge, milt, lever, tarm og nyre gav ikkje framvekst av sjukdomsframkallande bakteriar.

Parasittundersøking med McMaster-metoden viste 20 egg per gram (EPG) med Strongylide-type egg. Baermann-metoden for påvising av parasittlarvar i tarminnhald, samt undersøking for *Cryptosporidium* sp. og *Giardia* sp. var alle negative.

Diagnose: Komplet metatarsalfraktur
Mild infestasjon med tarmparasittar (Strongylide-type)

Kommentar:

Årsak til dødsfall vart ikkje klarlagt. Sparsame feittreservar med atrofi (svinn) av feitt i beinmargen og rundt hjartebasis tydar på at kalven var i negativ energibalanse. Funnt av tarmparasittar av Strongylide-type i dei mengdane som vart funne hos dette dyret, er av uklar, og truleg liten, relevans. Det fanst ein komplett fraktur i kodebeinet som truleg har oppstått før døden inntraff, basert på reaksjon i

Opplysningar om uvisse i kvantitative resultat kan fåast ved å ta kontakt med laboratoriet. Resultata gjeld berre for prøvene i svaret og for prøvene slik dei vart mottekne. Svaret må ikkje givast att i utdrag utan skriftleg godkjenning..

nærliggjande lymfeknutar.

Med helsing

Elisabeth Skatvedt Jordal

veterinær

E-post: elisabeth.skatvedt.jordal@vetinst.no

DETTE DOKUMENTET ER ELEKTRONISK GODKJENT

Opplysningar om uvisse i kvantitative resultat kan fåast ved å ta kontakt med laboratoriet. Resultata gjeld berre for prøvene i svaret og for prøvene slik dei vart mottekne. Svaret må ikkje givast att i utdrag utan skriftleg godkjenning..